



Notat

Dato: 05.04.2017
Arkivsak: 2014/548-75
Saksbehandlar: gurklyv

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål - plan for sal av del av tomt i Åsane som ikkje skal vere bussanlegg

Sak RS 28/17 «Status sal av eigedomar» vart handsama av fylkesutvalet 30.03.2017, og Stein Inge Ryssdal (H) stilte følgjande spørsmål:

«HFK kjøpte en større tomt i Åsane der en del skulle benyttes til bussanlegg.
Hvilke planer har man for salg av den delen av tomten som ikke skal være bussanlegg?»

Fylkeskommunen kjøpte eigedomen gnr. 200, bnr. 26 på Haukås i Åsane i 2008 for etablering av bussanlegg. Arealet er på 75 mål, og av dette er ca. 47 mål i bruk av Haukås bussanlegg. Øvrig areal består av ei tomt på ca. 15 mål og ei tomt på ca. 13 mål.

Tidlegare vurderingar av desse to tomtene har vore at tomta på ca. 15 mål burde liggje som ei reserve for seinare utviding av anlegget, medan den andre tomta kunne seljast når stein lagra på denne var fjerna.

Eigedomsavdelinga gjennomfører no tilstandskartlegging av dei ulike bussanlegga og i tillegg er det dialog mellom Eigedomsavdelinga og Skyss om plassering av bussanlegga i forhold til framtidig rutepakkestruktur. Konklusjonen kan verte at ein ser behov for utviding av bussanlegget på Haukås til også å omfatte den andre tomta på ca. 13 mål.

Fylkesrådmannen rår til at ein avventar eit eventuelt sal av den nemnde tomta på ca. 13 mål til avklaringane om framtidig rutepakkestruktur er på plass.